

Referat frå møte måndag 3/3-14

Samarbeid om tiltak mot skog- og utmarksbrann mellom Austrheim, Fedje og Radøy kommunar

Tid: kl. 13:30-15:00 Stad: Austrheim rådhus

Tilstade

Frå Austrheim: Per Lerøy (ordførar), Asbjørn N. Toft (avdelingsleiar for plan, byggesak, oppmåling og miljø), Rolf Henning Myrmel (brannsjef og driftsleiar teknisk), Stein Kåre Løvslett (beredskapskoordinator)

Frå Fedje: Roy Asle Tungland (varaordførar), Even Vaular (beredskapskoordinator)

Frå Radøy: Jon Askeland (ordførar, Radøy kommune), Harald J. Stanghelle (beredskapskoordinator, Radøy kommune)

Interkommunal representant: Toril M. Mulen (felles landbrukssjef for Austrheim, Fedje og Radøy kommunar)

Referat vert også sendt til fylkesberedskapssjef Arve Meidell hjå Fylkesmannen i Hordaland.

Bakgrunn

Dei omfattande skog- og utmarksbrannane i Flatanger og på Frøya vinteren 2014 har retta vår merksemd mot førebyggjande tiltak mot utmarksbrann. Kva er sannsynet for at eit liknande scenario kan utspilla seg på Fedje, Radøy eller i Austrheim? Kva tiltak kan me setja i verk for å redusera risiko knytt til nemnte scenario?

Status

Redusert landbruksaktivitet i kommunane har gjennom dei siste åra ført til stadig meir attgroing av tidlegare beiteland. Dette aukar faren for større utmarksbrannar. Nedbeita mark brenn dårleg. I utbygginga av busetnad har ikkje planlegginga i tilstrekkeleg grad tatt omsyn til farane knytt til utmarksbrannar. Mange bustadfelt manglar sikringssonar til skog og vegetasjon. Her er det busetnaden som har vekse bokstavleg talt ut i utmarken. Dermed aukar faren for at busetnad ryk med ved ei større utmarksbrann. Det er òg mange plassar behov for (større) sikringssonar rundt viktig infrastruktur, som til dømes kraftleidningar.

Mål for samarbeidet

Austrheim, Fedje og Radøy kommunar ønskjer å etablera eit felles prosjekt som ser på førebyggjande tiltak knytt til skog- og utmarksbrannar. Prosjektet innfattar kartlegging, planlegging, øving og iverksetjing av tiltak.

Fylkesmannen er orientert om tankane og har yttra seg positivt til å delta på prosjektet om me lukkast å etablera det.

Kva tiltak kan vera aktuelle?

Det vart på møtet diskutert kva tiltak som kan vera aktuelle. Døme på tiltak kan vera:

- rydding av trær og anna vegetasjon, særleg rundt busetnad og infrastruktur (risikoområder)
 - Utvida sikkerheitssonar fri for vegetasjon kring høgspenteleidningar
 - Kartlegging av infrastruktur gjeld straum- og telefonleidningar, basestasjonar for mobildekning m.m. Også vassleidningar under bakken kan ryka ved ein langvarig torvbrann.
- sviding og tilrettelegging av beitemark (til dømes med inngjerding av større beiteområder), samt tilskot til bønder for å sikra beitedyr i dei gjeldande områda¹.
 - Koordinering av sviding mellom grunneigarar
 - Fleire grunneigarar går saman
 - Brannvesenet får melding på førehand, samt eit kart over områda som skal svidast
 - Koordinasjon av sviding med brannvesen
 - Tryggleiken vert ivareteken
 - Kan verte kombinert med brannøving – også for brannvesen i andre kommunar
 - Med brannfolk på staden kan ein svida også i perioden 15. april-15.september (då det eigentleg er forbod)
 - Utlån av slokkeutstyr til grunneigarar

Førsteprioritet er tiltak som vernar om busetnaden. Allereie no kan me starta med å inkludera sikringssonar i planlegging av nye bustadfelt. Tiltak som vernar infrastruktur bør ein sjå på som ein investering.

Større, komande utbyggingar gir ei ny oppdeling av vegetasjonen som me bør ta omsyn til i planlegginga av tiltak. Dette gjeld til dømes kraftleidningar, ny vei over Radøy og oljeleidning.

Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy køyrar lyngbrenningskurs. Kurset er veldig nyttig då kompetansen på dette feltet er neste borte.

¹ Auka beite og sviding gir fleire verknader som er samfunnsnyttige. Kulturlandskapet vert vedlikehalde, noko som kan gi ein meirverdi mellom anna for lokal identitet og reiselivet. Ved å hindra attgroing reduserer ein òg risikoen for utmarksbrann. Bøndene vil antakeleg vera positive til at det rettast ei større merksemd mot det samfunnsnyttige arbeidet dei gjer.

For å stimulera til at bøndene nyttar beitearealet som vert rydda, kan ein gi tilskot, setja opp eit ytre gjerde kring fleire beiteområder. Ein bør sjå bort frå gjerdeplikta ved tildeling av tilskot der me treng beite.

Midlar

Det er mogleg å søkja skjønsmidlar frå Fylkesmannen. I tillegg bør ein kunne søkje SMIL-midlar, som mellom anna vert nytta til kulturlandskapstiltak og planleggings- og tilretteleggingstiltak². Større forsikringsselskap kan moglegvis vera interessert i å støtta prosjektet. Fleire selskap involverer seg i brannførebyggande arbeid. Kommunane sin eigeninnsats er primært arbeidstimar.

Arbeidet vidare

Første mål er å senda inn ein søknad om skjønsmidlar frå Fylkesmannen til eit forprosjekt. Søknadsfrist er 15. april. Sidan søknad om skjønsmidlar må gå gjennom regionrådet, må søknaden vera klar i god tid til møte i regionrådet 11. april. Beredskapskoordinatorar i Austrheim, Fedje og Radøy kommunar har ansvaret for utforminga av søknaden. Felles landbrukssjef kjem med innspel kring det landbruksfaglege. Fylkesberedskapssjef Arve Meidell kan vera sparringspartnar i søknadsskrivinga.

Søknaden skal skissera kva for arbeid som inngår i prosjektet:

- Forprosjekt del I - Kartlegging av:
 - Risikoområde og område som krev særleg merksemd, t.d. viktig infrastruktur, og busetnad³.
 - Område som lett kan tilbakeførast til beiteareal
 - Område brannvernet kan ofra under ein skog- og utmarksbrann
- Forprosjekt del II - Plan for gjennomføring av tiltak
- Aktiv fase del I - Øving
 - Lyngsvidingskurs
 - Samarbeid om sviding mellom grunneigarar og brannvesen
- Aktiv fase del II - Gjennomføring av tiltak etter planen (t.d. rydding av vegetasjon)

Søknaden må òg seie noko om behov for midlar i forprosjektfasen og den aktive fasen, og må innehalde ein tidsplan.

² For meir om SMIL-midlar, sjå Statens Landbruksforvaltning: <https://www.slf.dep.no/no/statistikk/miljostatus-i-jordbruket>

³ BKK og straumselskapa sitt på oppdatert kart- og biletmateriale ein burde kunne nytta til kartlegginga. Diverre er dei (av sikkerheitsomsyn) ikkje interesserte i å dela dette materialet.